

Fra boken "Husmannstid og husmannsfolk" av Arnfinn Engen, Dølaringen Boklag 2001. s. 136:

"(...) Det som skulle legge grunnlaget for den endelege løysinga av husmannsproblemet, var arbeidet til Jordkommissjonen av 1919. Denne la fram den viktigaste innstillinga si i 1923. Men dette skulle bli ei tung sak å få gjennom Stortinget, dels på grunn av at regjeringane skifta så mykje denne tida, dels også på grunn av politisk motstand.

Endeleg i juni 1928 vart så «Lov om ordning av visse jordspørsmål» vedtatt, og det var spesielt kapitlet «Om ordning og avvikling av eldre husmanns-, bygsel- og leilendingsforhold» som var av interesse for husmennene.

Denne lova greip inn i kontraktforholdet ved at den gav høve til å omgjere arbeidsplikt til ei pengeavgift, og den opna også for at leigeforhold kunne forlengast ut over den tida som var bestemt i kontrakten. Men viktigast var at lova gav husmennene forkjøpsrett til plassane sine, og at dei også i mange tilfelle kunne kreve plassane eksproprierte.

Det var desse reglane som førte til den endlege avviklinga av husmannsvesenet i dei relativt få tilfella der det ikkje hadde kome til sal på frivillig grunnlag. Kor stor betydning denne lova fekk, kan vi såleis berre sjå ut frå lokalt materiale."